

HØYRINGSUTTALE

i høyringssak om det offentlege skuletilbodet i Lesja kommune

Vi vil fyrst og framst påpeike det absurde i denne situasjonen: at vi, som alle har hatt våre formative år på Lesjaskog skule og vorte gagns menneske av tida der, no jobbar for ei nedleggjing av den samme skulen. Men det er heilt naudsynt å leggje ned den offentlege skulen, for å få starta opp Fjellnær friskule i august 2026.

Vi tek på ingen måte lett på det ansvaret vi med det tek på oss: å tilby våre eigne og andre sine born ein ny skule, med alt det inneber, allereie frå hausten av. Vi har ansvaret for økonomien, for arbeidsplassar og for elevane. For at dette skal komma i land, er det heilt avgjerande at vi leverer i samme tempo og med samme kvalitet som vi har gjort til no. Men det er også avhengig av at politikarane og administrasjonen i Lesja kommune legg til rette for at dette skal gå. For å trygge politikarane på at dei gjer det rette valet ved å leggje ned Lesjaskog skule, vil vi framheve nokre punkt. La det ikkje vera nokon tvil om at

- vi ynskjer **eit godt samarbeid mellom Fjellnær friskule og Lesja kommune**. Vi ynskjer at dei tilsette skal kunne samarbeide fagleg der det er behov for det, minst like godt som dei har gjort til no, og at elevane ved dei to skulane skal bli godt kjende og ha gode opplevingar saman. Vi er framleis *éi bygd og éi kommune* og denne kjensla ynskjer vi at alle våre tilsette og elevar skal ha i framtida også.
- vi **kjem i mål med skulestart til hausten**, dersom nedleggjing av Lesjaskog skule og avtale om avhending av bygg for ein billig penge blir vedteke i kommunestyret 16. april. Statsforvalteren skal i fyrste omgang godkjenne skuleanlegget, denne godkjenninga skal i neste rekke leggjast ved søknaden til UDIR om driftsløyve, sistnemnte med frist 15. juni. Vi har i januar fått stadfesta frå Mette Rundsveen hjå Statsforvaltaren i Innlandet at det er tid nok til å få godkjent skuleanlegget av dei seinast 15. juni, dersom dei har motteke alt dei treng innan 15. mai. Vi har allereie no det aller meste som skal sendast til Statsforvaltaren klart, med unntak av *avtale om bygg*. Med andre ord kan vi sende det som trengst til Statsforvaltaren så snart denne er vedteke og signert.



- vi kjem til å få **godkjent vår samla lærarkompetanse hjå UDIR**, som også er eitt av krava vi må oppfylle innan 15. juni for å få driftsløyve. Vi har fått over 20 søknader på lærarstillingane våre og har tilsett ein knakande god rektor som sørger for at lærarkabalen går opp. Allereie har fleire lærarar takka ja til jobb hjå oss.
- **folket som blir direkte påverka av dette, ynskjer det velkommen.** Denne høyringsuttalen er ein av dei siste som kjem inn, og vi har dei siste dagane lese alle som allereie er publiserte. All positiviteten er heilt overveldande! Særleg sterkt er det å lesa at dei elevane det gjeld, uttaler seg modent, ærleg og reflektert, om ei veldig stor og alvorleg sak. Vi synest deira uttaler er viktigare enn alle andre, inkludert vår eigen.

Helsing styret i Fjellnær friskule SA: Elise Tjørnsletten, Hanne Stine Mølmen
Skogland og Atle Einbu Teigen.

31. mars 2026